



DEN NORSKE KYRKJA

Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

Hjelmeland, 10.06.2022

Hjelmeland sogelag v/ Olav E Skjervik
Prestagardsmarka 33
4130 Hjelmeland

Verneplan freda gravminne på gravplassane i Hjelmeland kommune.

Hjelmeland kyrkjeleg fellesråd vil gjennomføre ei ny kartlegging av gravminne som kan vere aktuelle for fredning. Dette gjeld alle gravplassane i Hjelmeland. Vi ber med dette Hjelmeland sogelag om å delta i dette arbeidet før fellesrådet gjer sine vedtak i saka.

VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I HJELMELAND KOMMUNE

§ 5 VERN AV GRAVMINNE

Lokalt vern av enkelte gravminne skal inngå i ein bevaringsplan for kvar gravplass, jfr. forskrift til gravferdslova § 27.

Før ein eventuelt tek bort gravminnet, vil kyrkjeleg fellesråd gjera ei vurdering om vern. Det kan skje ut frå alder, stilhistorie, interessant personalhistorie, lokalt særpreg, gravminne som er unikt, gravminne med stor kunstnarisk eller handverksmessig verdi, gravminne med sjeldan inskripsjon, gravskrift, yrkestittel, eller symbolbruk. Det er kyrkjeleg fellesråd som vedtek vern av gravminne.

Gravplasslova § 18: Ophør av feste. Et feste opphører når festetiden er ute.

Når festet opphører, skal festeren om mulig gis anledning til å fjerne gravminne og lignende innretning fra gravplassen. Det som ikke er fjernet fra gravplassen innen seks måneder etter festets opphør, tilfaller gravplassen. Gravminne av kunstnerisk eller kulturhistorisk verdi skal om mulig bli stående på gravplassen.

Etter mine opplysninger var kyrkjeverja i Hjelmeland i kontakt med dykk i sogelaget i 2016 for å høyre om de var interesserte i å vere med på ei kartlegging av slike gravminne. I 2016-2018 og kom de med forslag om å verne 2 gravminne på Hjelmeland kyrkjegard, 3 gravminne på Årdal kyrkjegard og 2 gravminne på Fister kyrkjegard. Desse gravminna er vedteke freda.

01.H.04.014	Louis Pettersen	1937	Unikt gravminne
01.E.05.018/019 Årdal	Ola Ur Inger Ur	1944 1937	Unikt gravminne. Stakkittgjerde rundt grava Spesiell personhistorie
01.E.05.097/098 Årdal	Inga Marie Skiftun Tor Skiftun	1938 1939	Spesiell personhistorie. Unikt gravminne Smijernsgjerde rundt grava
01.F.05.013/014 Årdal	Torbjørg Dorthea Andreassen og Adolf Antoni Andreassen Walaas	1926 1927	Spesiell personhistorie. Unikt gravminne

03.D.01.033/034/035 Hjelmeland	Magnus Tuntland Oliver Mjølhus Birger Aasland	1941	Minnestøtte etter falne 2. verdskrig
03.E.15.008-011 Hjelmeland	Omlag 100 personar		Fellesgrava etter flaumen i 1940.
Fister	Johanna og Berdines Orm Thomsen.		Stor bauta Unikt gravminne
Fister	Sven Sigmundstad, Født 12.06.1811 død 10.06.1891		Spesiell personhistorie. Han var byggeleiari for Fister kyrkje, 1867

Lokalt vern inneber at fellesrådet tek ansvaret for desse gravminna. Det betyr at gravminna vert sikra dersom det ikkje er gjort tidlegare og gravminna vert stelt. I gravregisteret vert det notert at grava er verna på ubestemt tid.

Seinare har det kome eit forslag frå Haldis Nilssen om at gravminnet til motstandsmannen Jon Åsmund Førre (09.12.22-14.09.44) i Jøsenfjorden bør fredast. (Spesiell personhistorie.)

Prost Jacob Åfoss (01.1846 – 18.11.1937) sitt gravminne på Hjelmeland kyrkjegard er eit gravminne som kanskje bør fredast ut frå personhistoria. Blodbøketreet er planta på grava hans. Barna Ragnhild (1882-1970), Astrid, (1891-1956), Arne (1880 – 1955) og Ingeborg (1877 – 1946) er gravlagt ved sidan av faren. Røtene til bøketreet gjer det uansett vanskeleg å bruke desse gravene om att.

Vi ber sogelaget føreta ei vurdering og sende innstilling til Hjelmeland kyrkjelg fellesråd innan 31. oktober d.å.

Venleg helsing
for Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

Reidunn Ferstad (s.)
Kyrkjeverje